

25.04.2013

Bysatsinga i Møre og Romsdal: Byen som regional motor

“Byane si utvikling påverkar den samla regionale utviklinga. Byane må derfor vere sentrale samarbeidsaktørar i komande planperiode, både for å styrke byane si rolle som regionale motorar og som utviklingsaktørar innanfor deira sterke område.”

Fylkesplanen for Møre og Romsdal 2013 – 2016.

Byutvikling er regionutvikling

Møre og Romsdal er i vekst, og det er byane som veks mest. Bu- og arbeidsmarknadsregionar utviklar seg i stadig sterkare grad rundt byar og større tettstadar, også i vårt fylke. Sentraliseringa kunne tidlegare i stor grad forklarast med flyttemønster, særleg blant unge, men no ser vi at fødselstala òg medverkar til denne utviklinga. Dette er dermed sjølvforsterkande prosessar.

Byane får ei stadig viktigare regional rolle når det gjeld busetjing, arbeidsplassar, kultur- og fritidsaktivitet, handel, samferdsel og utdanning. Korleis byane våre utviklar seg og kor attraktive dei er i konkurranse med andre byar og regionar er derfor ikkje berre viktig for byane sjølv, men for heile regionen. Å styrke dei mellomstore byane si rolle som pådrivarar for vekst og utvikling, vil føre til meir integrerte by- og arbeidsmarknadsregionar. Vekst i Ålesund, Molde og Kristiansund vil føre til positiv utvikling på Sunnmøre, i Romsdal og på Nordmøre.

I foresightprosessane “Sunnmøre i framtida” og Nordmøre og Romsdal – saman om framtida” vart det peikt på kor viktig det er at byane må ta ei meir offensiv utviklarrolle i regionane. Attraktive og samlande byar vil leggje grunnlag for vekst i regionen, og styrke konkurransekrafta i Møre og Romsdal. For å styrke Ålesund, Molde og Kristiansund som regionale motorar, initierer Møre og Romsdal fylkeskommune derfor eit 5-årig bysatsingsprogram for Ålesund, Molde og Kristiansund under namnet “ Byen som regional motor”.

Bymøtet har bestemt at det i prosjektet er viktig å satse på tiltak innafor desse tre innsatsområda:

- Samferdsel og kollektivsatsing
- Attraktive bysentra
- Kompetansemiljø og utdanning

For å byggje byregionar må omgrepa Ålesundsregionen, Molderegionen og Kristiansundsregionen få eit innhald som gir ein sterk regional identitet.

Mangfald gjer byen attraktiv

Byen er attraktiv, både for folk, næringsliv og institusjonar. Mange av dei tilboda folk legg vekt på i kvardagen når det gjeld arbeid, utdanning og fritid blir oppfatta som betre jo større byen eller tettstaden er. Større arbeidsregionar gir eit betre tenestetilbod, skole- og kulturtilbod. Dette blir ei trygghet for folk som bur der fordi det sikrar jobb til begge i eit parforhold, og gjer det mogleg å byte jobb utan å byte bustad. Ein skal heller ikkje undervurdere folk sine ønskje om å leve eit sosialt liv på ein stad med meir mangfald.

For næringslivet er det ei rekkje årsaker til at byregionen er attraktiv. Tilgang på arbeidskraft er mellom dei viktigaste utfordringane i mange næringar i dag, og det viser seg lettare å rekruttere folk til byar og tettstadar. Nærleik til kunnskaps- og kompetansmiljø og næringsklynger påverkar lokalisering av nye arbeidsplassar.

For å vere attraktiv må byen ha eit mangfald av tilbod på bustadmarknaden, både når det gjeld storleik, pris og lokalisering. For å kunne tilby dette må by- og omlandskommunane i større grad drive interkommunal planlegging av bustads- og næringsareal. Dette må sjåast i samheng med ny fylkesdelplan for senterstruktur.

Attraktive bysentra, byrom med urbane kvalitetar

Eit levande, aktivt bymiljø med arkitektonisk kvalitet er essensielt dersom bysentra skal vere attraktive for handel, opplevingar, kunnskapsarbeidsplassar, utdanningsinstitusjonar og for busetjing. Byutvikling krev sterkt politisk leiarskap, samarbeids- og risikovilje, involvering, mot og brot med vanetenking. Ein felles visjon kan sikre at alle aktørane sin innsats understøtter byen sin identitet, miljø og vekst.

Å utvikle attraktive, klimavenlege bysentra krev at ein må leggje betre til rette for gåande og syklande. For å frigjere meir areal til aktivitetar i bysentrum, treng ein eit godt kollektivtilbod og gode gang- og sykkelveggar. Mykje areal blir i dag bruka til parkeringsplassar for bilar, og målet må vere at det blir færre bilar i sentrum i framtida.

Å skape interessante og trivelege byrom inviterer til meir aktivitet både innan- og utandørs. Før vart det ofte fokusert på individuelle byggeprosjekt, i dag er vi meir opptekne av korleis bygningane både kvar for seg og i samspel skaper ein attraktiv by. Det handlar om å skape ein identitet i bymiljøet som kan føre til ei verdiauke som ein investor kan vere interessert i. Opne byrom og grønne lungar fører til moglegheiter for fysisk aktivitet og kulturopplevingar utandørs. Dette

gjer busetjing i bysentrum meir attraktivt og vi får ein meir levande by. Ein opplever byrommet best i augehøgde. Dette må det takast omsyn til når ein skal skape opplevingar for dei som beveger seg til fots i byen. Byen skal ha plass for menneske i alle aldrar både ute og inne, og alle skal ha god tilgjenge til attraktivitetane. Første etasje i ein bygård bør derfor bestå av kafear, restaurantar, butikkar, kulturarenaer og liknande.

Kulturen si rolle i by- og regional utvikling

Byrommet er ein samspelsarena, og kulturaktivitetar medverkar til å skape ein attraktiv by. Kunst og kultur har eigenverdi, men kan også vere eit middel for å nå andre mål. Kulturaktivitet og kulturopplevingar medverkar til lokal identitet, trivsel og utvikling, og er også viktig for næringsutvikling og verdiskaping. Den attraktive byen i framtida har ein regional funksjon for å tilby eit mangfaldig og kunnskapsrikt kulturliv, der aktivitetar og opplevingar, inkludering og folkehelse står sentralt. Det betyr at ein må jobbe saman med frivillig sektor, drive kulturformidling, leggje til rette for friluftsliv, gjere biblioteka meir attraktive og støtte utvikling av kulturnæringar. Ved å profesjonalisere kulturarbeidet i byane kan dei fungere som ein inspirator og støtte for kulturlivet i sin region.

Næringslivet samlar kompetansefunksjonar i byane

Sidan tusenårsskiftet har talet på arbeidsplassar i dei tre "store byane" i fylket auka dobbelt så raskt som i resten av fylket. Vi ser at viktige kunnskaps- og forskingsmiljø i bedriftene flyttar til meir sentrale strøk. Betre tilgang på arbeidskraft, tilgang på støttetjenester, nærleiken til kompetansmiljø og klynger er viktige faktorar som påverkar lokalisering.

Næringslivet og næringsklyngene er drivarane i utviklinga i Møre og Romsdal. Næringslivet blir stadig meir kunnskapsintensivt, og vår styrke er den erfaringsbaserte kunnskapen i kvar einskild bedrift og i samarbeidet mellom bedriftene. Denne kunnskapen vert vidareutvikla i næringsklyngene sine kompetanseinstitusjonar som vi særleg finn i byane. Byane si rolle som vert for kunnskapsbedrifter, FoU-miljø og høgskolane er viktig for utvikling av næringslivet og for å skape attraktive arbeidsplassar. Ålesund, Molde og Kristiansund har på dette området komplementære funksjonar, og vil dermed ha stor nytte av eit sterkare samarbeid. Lokalisering av universitet og høgskolar er også avgjerande for kvar studentane vel å busetje seg etter fullføre studier. Universitetsbyane har den sterkaste tiltrekkingskrafta, og får også mest merksemd og pengar frå sentrale styresmakter. Byane våre må vere offensive for å møte denne konkurransen.

Kompetansemiljø og utdanning

Møre og Romsdal har ei utfordring ved at vi har eit relativt lågt utdanningsnivå samstundes som mange næringar treng høgt kvalifisert arbeidskraft. Byane har ei nøkkelrolle i å utvikle god og riktig kompetanse for både privat og offentleg sektor i Møre og Romsdal.

Byane skal vere motorar i regional utvikling og innovasjon. For å byggje sterke fagmiljø treng ein fokus på entreprenørskap i opplæring og studier. Byane våre og kunnskaps- og forskingsmiljøa der er små sjølv i ein norsk samanheng. Ein må difor heile tida evne å samarbeide godt mellom dei ulike utdanningsaktørane, næringslivet i fylket og offentleg sektor. Det er viktig at ein ser all kompetanseutvikling i samanheng og at ein utnyttar dei synergieffektane dette gir.

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å medverke til dette gjennom å gi tilbod innan entreprenørskap og delta i arbeid som fremjer grunderånd. Dei vidaregåande skolane og fagskolane ligg i byane og har store fagmiljø. Dei kan derfor tilby ei vidaregåande opplæring som gir elevar god fagleg ballast og som kan gi dei kompetanse på innovasjon.

Dei største elevveksten i vidaregåande opplæring kjem på Nordre Sunnmøre og då først og fremst i Ålesundsregionen. For tida blir det arbeidd med å leggje ein ny skolestruktur i Ålesund. Det er viktig i denne samanhengen å tenkje byutvikling saman med lokale myndigheiter. Det same gjeld også ved utvikling av ny skolestruktur for Molde og Kristiansund.

Eit godt samspel mellom dei vidaregåande skolane og høgskolane vil vere viktig for ei positiv byutvikling. Elevar i vidaregåande skole bør i større grad ta fag ved høgskolane og få synergieffektar både for den einskilde student og byane. Dei vidaregåande skolane bør i framtida også ha godt samarbeid med kommunane, og utvikle gode spennande samhandlingsarenaer ved kulturskolane, biblioteka og næringslivet.

Samferdsel

Meir folk og auka velstand skapar auka transportbehov. Dei tre største byane i Møre og Romsdal har overskot av arbeidsplassar som gir stor innpendling frå omlandet. Dette skapar no press på areal og kø problematikk.

God infrastruktur i byar, mellom byar og mellom byar og omland er ein føresetnad for å få folkevekst og tilflyttarar med den fagkompetansen ein treng for framtida. Det er og viktig å utvikle gode byrom for innbyggjarar og næringsliv, effektiv transport og varelevering. Dette må i større grad løysast gjennom samordna areal- og transportplanlegging, slik at vi også reduserer

transportbehovet. Vi må utvikle finansieringsløsningar som til dømes bompengeløsningar for å få utbetring av vegsystemet. Dette blir det arbeid aktivt med gjennom Statens Vegvesen og dei tre byane sine bypakkar.

Samferdsleutvikling handlar ikkje berre om å byggje for fleire bilar men like mykje om å få fram gode alternativ til privatbilen som framkomstmiddel. I forslaget til ny nasjonal transportplan (NYP) 2014 – 2023 er det lagt opp til at trafikkauken i byane skal løysast ved betre kollektivtilbod og tilrettelegging for gåande og syklande. Lukkast ein med det, vil det gi betre tilgjenge for nyttetrafikken.

Det trengs samanhengande gang- og sykkelveggar inn mot byane. Særleg bør det satsast på gang- og sykkelveggar rundt skolar, store arbeidsplassar og knutepunkt. Dette vil stimulere til å ta arbeidsreisa til sykkel eller til fots i staden for bilen.

For å få fleire til å reise kollektivt må vi jobbe med å auke tilbodet og tilpasse takstane. Kollektivtilbodet må gjerast meir attraktivt gjennom betre informasjon, enklare billettering og gode fasilitetar på haldeplassar og knutepunkt. Det vil vere heilt nødvendig å få kommunane med på å kombinere dette med restriksjonar, som til dømes strammare parkeringspolitikk.

Mål for bysatsinga

- **Å utvikle Ålesund, Molde og Kristiansund til attraktive, urbane sentra i sine regionar, som gir grunnlag for vekst både i byane, omlandet og fylket.**

Innsatsområde

Samferdsel og kollektivsatsing

Hovudmål:

I samarbeid med kommunar og andre skal kollektivdelen aukast ved å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektivt både i og mellom fylka

Delmål:

- Rask og enkel billettering, "riktig" takstnivå, samt tydeleg, god og lett tilgjengeleg informasjon om kollektivtilbodet samanlikna med 2012
- Ekspressruta Volda – Ørsta – Ålesund – Kristiansund skal vere navet i kollektivtilbodet i fylket. Fleire ruter skal koplatt opp mot ekspressruta

- Kollektivandelen skal aukast til 20 % i Ålesund, og 15% i Molde og Kristiansund i eit 10-årsperspektiv
- Haldeplassar og anna kollektivinfrastruktur skal ha tenlege fasilitetar, og samstundes medverke til effektiv framføring av kollektivtrafikken og redusert krusedullkøyning
- Det skal i eit 10-årsperspektiv utviklast samanhengande gang- og sykkelvegnett som vil medverke til tryggleik for gåande og syklende, betre folkehelse, betre framkome i byane, og betre tilbod for reiselivet.
- For å realisere bypakkane må vi jobbe for statleg finansiering av desse.

Attraktive bysentra:

Hovudmål:

Sentrum i byar og tettstadar skal by på på attraktive tenester og opplevingar for innbyggjarar og besøkande.

Delmål:

- Meir effektiv og samordna arealbruk gjennom interkommunal planlegging
- Utvikle og bruke kunnskap om framtidige bustadsbehov for å gi større mangfald og meir tilpassa bustadar i byregionane
- Bruke offentlege bygg, som til dømes kultur- og opplæringsarenaer, som viktige element i sentrumsutviklinga
- Utvikle sjøsidea til ein attraksjon i bymiljøet
- Stimulere til byrom som gjev folk estetiske opplevingar og legg til rette for fysisk aktivitet
- Skape gode aktivitetssentra for heile regionen gjennom strategisk bruk i og nær byane

Kompetansemiljø og utdanning

Hovudmål:

Byane har ei viktig rolle i utvikling av innovative kunnskaps- og kompetansemiljø

Delmål:

- Næringslivet og skolane i byane skal stimulere aktivt til grunderverksemnd gjennom fag som entreprenørskap og forskning
- Bygging av nye skole- og kulturbygg skal styrke kunnskaps- og kompetansemiljøa i bysentrum
- Høgskolen i Møre og Romsdal skal fornye seg og møte dei regionale behova for rekruttering, utdanning, forskning og innovasjon på ein meir offensiv mate
- Byane skal legge til rette for regionale kunnskaps- og kompetanseklynger

Prosjektet si forankring og organisering

Byen som regional motor er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund og regionråda.

- Bymøtet er styringsgruppa for bysatsinga. Frå kommunane møter ordførarar og rådmenn frå Ålesund, Molde og Kristiansund. Frå fylkeskommunen møter fylkesordførar, fylkesrådmann og leiar i Regional- og næringsutvalet. I tillegg møter sentrale representantar frå LO og NHO. Ein kan invitere andre inn i bymøtet etter behov. Leiar av styringsgruppa er fylkesordføraren.
- Bymøtet bestemmer innhaldet i byprogrammet og disponerer dei økonomiske midlane.
- Det blir sett ned ei prosjektgruppe som samarbeider med arbeidsgruppene I byane og er sakshandsamarar for styringsgruppa. Gruppa konstituerer seg sjølv.
- Fylkeskommunen koordinerer bysatsinga i fylket gjennom eigen prosjektkoordinator.
- Kvar by utnemner ei tverrfagleg arbeidsgruppe for "Byen som regional motor" beståande av fagfolk frå byane, fylkeskommunen og andre aktuelle, lokale aktørar
- Ved behov utnemner arbeidsgruppa undergrupper for gjennomføring av kvart delprosjekt lokalt
- Prosjektkoordinatoren rapporterer til administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen.
- Aktuelle samarbeidspartnarar nasjonalt kan vere: Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Samferdselsdepartementet, Arbeids- og fornyingsdepartementet

Forankring og informasjon:

Ein legg opp til informasjon om utviklinga av prosjekta i bymøta, slik at ein sikrar at det skjer læring på tvers av byane.

Kvar prosjektleiar ser til at formannsskap og kommunestyre i kvar by er godt orientert om det som skjer i bysatsinga.

Regionråda er informasjons- og diskusjonsarenaer i kvar region, der også omlandskommunane kan bidra med gode idear og tilbakemeldingar i bysatsinga.

Ein legg opp til å informere jamnleg i fylkesutvalet og eventuelt fylkestinget. Det blir laga årsrapportar og ein rapport etter 5 år der ein evaluerer i kva grad ein har fått måloppnåing.

Rammebetingelsar, kritiske suksessfaktorar:

- Fylkeskommunen samordnar og legg til rette for gode utviklingsprosessar i byane, og sørger for gode økonomiske rammer og fagleg støtte
- Samarbeid mellom byane gir synergieffektar som styrker framdrifta i prosjektet
- Innovasjon og nytenking i prosjektet er dokumentert gjennom forskning
- Byane mobiliserer lokale utviklingsaktørar til samarbeid i bysatsinga, og ser byprosjektet i samanheng med arbeidet med sentrumsplanane og bypakkane
- Byane får ein sterkare posisjon i regionen ved at omlandskommunane støttar opp om arbeidet i bysatsinga gjennom regionråda
- Nasjonale styresmakter ser bysatsinga i Møre og Romsdal som eit så godt tiltak at dei støttar prosjektet økonomisk
- Gode erfaringar frå bysamarbeidet fører til at byane fortsetter samarbeidet også etter 2016